



Jublande glade 1.-3. klassingar. Frå venstre: Rebekka, Marius, Johannes, Sondre, Karsten Andrè, Martin, Kjartan og Roberth. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I ettermiddag var dei yngste fotballtalenta i bygda samla i Aktivitetshuset. Styret i fotballgruppa hadde stelt i stand til den årlege avslutningsfesten. Sjølv om dei sportslege høgdepunkta er tilbakelagt for denne sesongen, er nok denne samlingsstunda svært så viktig for desse unge spelarane.

- Vi har ikkje så mykje program, men vi trur det er viktig å samlast, både for spelarane og foreldra, sa Frode Myklebust då han ønskte velkommen til festen. – Dette vert ei uformell stund, sa han vidare før han baud på pølse og brus, kaffi og masse gode kaker. Alt dette kunne ein forsyna seg av utan å tenkja på å opna lommeboka. Det var tydeleg at dette vart sett pris på. Dei frammøtte kosa seg rundt småborda, og drøsen gjekk lett over kaffikoppene medan dei unge fekk tid til litt meir fartsfylte og spretne aktiviteter. Den høgtidelege delen av programmet kom til slutt, og var utdeling av fine plakettar med inskripsjon til spelarane. Første lag framme til utdeling var dei aller yngste med spelarar frå 1.-4.klasse. At dei sette stor pris på dette øyeblikket var tydeleg å sjå. Stolte smil, ja, vi såg til og med nokre som kyste plaketten sin. På dette laget har desse vore med: Sondre S. Myklebust, Martin Y. Røssland, Mats Eik, Emil B. Berntsen, Marius Myklebust, Karsten Andrè Haugland, Kjartan Tungesvik, Maren Bjørnebøle, Rebekka Hauge, Robert Stensletten, Johannes Haugland og Torstein Myklebust. Åge Myklebust og Jan Berntsen har vore trenarar for dette laget. Etter dette var det først utdeling til jentene i 4.-6.klasse før gutelaget i same aldersklassen fekk sine plakettar. På jentelaget har desse vore med: Sussanne L. Eik, Bente Halvorsen, Elisabeth Rebaudo, Victoria Eik, Kari Bråtun, Anne Marthe G. Zimmer, Katrine Y. Røssland, Marte Dagestad, Marit Inga Sture, Karoline I. Amundsen, Ingebjørg Haugland og Kaja Døssland. Trenarar for desse har vore: Svein Ove Bråtun og Gørrill S. Eik. Gutane har vore trena av Bjørn Egil Haugland og Lisbeth Stensletten, og dei har hatt denne spelargruppa: Mads Raudstein, Stian S. Myklebust, Stian S. Fellsbø, Bjørn M. Haugland, Hans Fredrik G. Zimmer, Jostein Bauge, Martin Hauge, Kenneth N. Stensletten, Hermund Døssland, Øystein Haugland, Jone Kjærland, Håvard Steinsvik, Henrik Dahle, Johannes Taranger, Sindre Onarheim og Nikolai Bernhardsen. Før Frode avslutta festen, takka han trenarane for den gode innsatsen dei hadde gjort gjennom sesongen. Dette vart markert ved at kvar trenar fekk eit gavekort, riktig nok av symbolsk verdi, som takk for den gode og viktige jobben dei hadde gjort med desse 40 unge spelarane som har så mykje glede gjennom denne aktiviteten. At dette vert sett pris på også i foreldregruppa var tydeleg. Fleire nemnde for oss at vi måtte få med ei velfortent takk både til trenarar og fotballstyret. Det bringar vi med glede vidare.

Av Thor Inge Døssland



4.-6. klasse gutar, var nøgde med plaketten som var ny for året. Frå venstre: Hans Fredrik, Kenneth, Martin, Stian, Jone, Mads, Øystein og Håvard. (Foto: Ola Matti Mathisen)